

VARANGER KRAFT AS

Vår dato: 06.07.2020

Vår ref.: 200707841-96

Arkiv: 511

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Thomas Mo Willig

22959377/tmwi@nve.no

Varanger Krafthydrogen - Avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av Ràccocerrao vindkraftverk, Berlevåg kommune, Troms og Finnmark

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 16.04.2020 frå Varanger KraftHydrogen AS om utsett frist for idriftsetting av Ràccocerrao vindkraftverk – trinn III frå 31.12.2021 til 31.12.2026. Ràccocerrao vindkraftverk – trinn III er planlagt i Berlevåg kommune, Troms og Finnmark.

Vedtak

NVE avslår søknaden om utsett frist for idriftsetting av Ràccocerrao vindkraftverk trinn III frå 31.12.2021 til 31.12.2026.

Historikk

Varanger Kraft AS sendte melding til NVE om Ràccocerrao vindkraftverk 21.11.2003. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 18.11.2004.

NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og driva Ràccocerrao vindkraftverk 14.12.2005. Søknaden vart sendt på høyring 16.02.2006 og Ràccocerrao vindkraftverk fekk konsesjon 07.06.2010. Konsesjonsvedtaket vart ikkje påklaga. Utbygginga vart delt opp i to byggetrinn grunna avgrensa nettkapasitet. Dette vart seinare utvida med eit tredje byggetrinn. Trinn I vart satt i drift i 2014, medan trinn II er under bygging. I 2019 vart konsesjonen for trinn III, overført til Varanger KraftHydrogen AS (VKH).

NVEs praksis for frist for idriftsetting av landbasert vindkraftverk

NVE handsamar søknadar om endringar av vilkåra i ein konsesjon med grunnlag i energiloven § 10-4 andre ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*»

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Alle vindkraftkonsesjonar har vilkår om at anlegget må vere satt i drift innan ein fastsett frist. NVE viser til at det er normal praksis at fristen for idriftsetting av eit vindkraftverk vert satt til fem år frå konsesjonstidspunktet. I tråd med det politiske ynskje om å leggja til rette for landbasert vindkraft i Noreg i samband med elsertifikatorordninga, har NVE i dei fleste konsesjonar som er gitt etter 2012 satt frist for idriftsetting lik tidspunktet for avslutninga av elsertifikatorordninga. Dette var først 31.12.2020, før det seinare vart endra til 31.12.2021.

27.11.2019 sendte NVE brev til alle konsesjonærar og informerte om ny praksis ved handsaming av søknadar om utsett frist for idriftsetting av landbasert vindkraft. I brevet varsla NVE at fristar for idriftsetting normalt ikkje vil forlengast utover 31.12.2021. Brevet viser til omtale av fristar for realisering av vindkraftanlegg i Stortingsmelding 25 (2015-2016) *Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030*. På dette grunnlag gir ikkje NVE utsett frist til idriftsetting for landbaserte vindkraftverk utover 31.12.2021, med mindre det føreligg heilt spesielle forhold.

NVE viser elles til at Stortinget fatta dette vedtaket 19.06.2020:

Stortinget ber regjeringen innenfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon.

VHKs søknad om utsett frist for idriftsetting

VHK søkte 16.04.2020 om utsett frist for idriftsetting for Ràccocerra vindkraftverk trinn III frå 31.12.2021 til 31.12.2026. I anleggskonsesjonen frå 29.05.2019 står det i vilkår nr.3 at «*Konsesjonæren kan søke om forlengelse av fristen for ferdigstilling, bygging og idriftsettelse. Slik søknad skal sendes i god tid før utløpet av fristen.*»

VHK grunnjev søknaden med avgrensa nettkapasitet og ynskje om forutsigbarheit for framtidig utvikling av lokal hydrogenproduksjon. VHK viser til at overføringskapasiteten i transmisjonsnettet til Varanger hindrar full utbygging av Ràccocerra trinn III, men at nytt regionalnett med kapasitet til å handtera trinn III er under utbygging. Varanger Kraft AS har saman med Statnett og Finnmark Kraft AS også blitt einige om kostnadsfordeling av konsekvensutgreiing av ny 420 kV - linja som kan sikra full drift av trinn III.

VHK viser til at dei har fått støtte av EU-programmet Horizon 2020 for demonstrera hydrogenproduksjon med elektrolyse basert på restkapasiteten til vindkraftkonsesjonen («*innestengt vindkraft*»). Prosjektet heiter Haeolus og vil byrja prøveproduksjon i sumar. VHK skriv at viss dei ikkje får utsett frist for idriftsetting mister dei konsesjon for trinn III og det vil føra til betydeleg risiko for hydrogenprosjektet.

NVEs vurdering

NVE vurderer i det følgjande søknaden om utsett frist for idriftsetting for Ràccocerra vindkraftverk trinn III. I vår handsaming legg me vekt på vårt brev av 27.11.2019, jamfør Stortingsmelding 25 (2015-2016) og Stortingets vedtak av 19.06.2020.

VHK har hatt endeleg konsesjon til å bygga og driva Ràccocerra vindkraftverk sidan 07.06.2010, og må innan 31.12.2021 ferdigstillast vindkraftverket.

NVE er einige med VHK at den avgrensa nettkapasiteten har vore medverkande årsak til at Ràccocerra vindkraftverk trinn III ikkje vert ferdig innan fristen for idriftsetting. Problematikken omkring avgrensa nettkapasitet har vore kjent frå før konsesjonstidspunktet og vore ein av årsakene til at konsesjonen har blitt delt opp i tre byggetrinn.



VHK sitt ynskje om forutsigbarheit for framtidig utvikling av lokal hydrogenproduksjon og framtidig auka nettkapasitet må vurderast opp mot vårt brev av 27.11.2019 om å ikkje gi utsett frist for idriftsetting utover 31.12.2021.

NVE viser i denne samanheng også til Stortingets vedtak av 19.06.2020.

Etter ei samla vurdering meiner NVE at det ikkje er grunnlag for å fråvika vår praksis om å ikkje gi utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk etter 31.12.2021.

Andre relevante forhold

Etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) *Vindkraft på Land*, om konsesjonsprosessen for vindkraftsakar, kan Ràccocerra vindkraftverk trinn III vurderast på nytt av NVE dersom saken vert fremma i tråd med nye konsesjonsprosessar.

Det følger av konsesjonens vilkår nr. 3 at konsesjonen bortfaller dersom anlegget ikkje er satt i drift innan 31.12.2021.

Klagerett

Dette vedtaket kan påklageast, sjå informasjon om rett til å klaga på siste side. VHK skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av VHKs orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Klageark

Berlevåg kommune
FYLKESMANNEN I TROMS OG FINNMARK
TROMS OG FINNMARK FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er fem veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.